



# STATENS SIVILRETTSFORVALTNING

ÅRSRAPPORT 2013

# INNHALD

<b>1. INNLEIING</b> .....	<b>1</b>
1.1 Samandrag måloppnåing .....	1
<b>2. ERSTATNING ETTER STRAFFORFØLGING</b> .....	<b>2</b>
2.1 Strafforfølgning – verksemda 2013.....	2
2.2 Resultat 2013.....	2
2.3 Utvikling 2014.....	8
<b>3. FRI RETTSHJELP</b> .....	<b>9</b>
3.1 Fri rettshjelp – verksemda 2013 .....	9
3.2 Resultat 2013.....	10
3.3 Utvikling 2014.....	13
<b>4. STADFESTING AV TESTAMENTE</b> .....	<b>14</b>
4.1 Stadfesting av testamente – verksemda 2013.....	14
4.2 Resultat 2013.....	14
4.3 Utvikling 2014.....	14
<b>5. TOMTEFESTE</b> .....	<b>15</b>
5.1 Tomtefeste – verksemda 2013 .....	15
5.2 Resultat 2013.....	15
<b>6. VERJEMÅL</b> .....	<b>16</b>
6.1 Verjemål – verksemda 2013.....	16
6.2 Resultat 2013.....	16
6.3 Utvikling 2014.....	17
<b>7. RETTFERDSVEDERLAG</b> .....	<b>18</b>
7.1 Rettferdsvederlag – verksemda 2013.....	18
7.2 Resultat 2013.....	19
7.3 Utvikling 2014.....	23
<b>8. VALDSOFFERERSTATNING</b> .....	<b>25</b>
8.1 Valdsoffererstatning – verksemda 2013 .....	25
8.2 Resultat 2013.....	26
8.3 Utvikling 2014.....	30
<b>9. KONKURSRÅDET MED SEKRETARIAT</b> .....	<b>31</b>
9.1 Konkursrådet – verksemda 2013.....	31
9.2 Sekretariatet for Konkursrådet – verksemda 2013.....	31
9.3 Konkursrådet – 2014.....	32
<b>10. OPPREISNINGSERSTATNING ETTER TRAFIKKULYKKER</b> .....	<b>33</b>
10.1 Oppreisningserstatning etter trafikkulykker – verksemda 2013.....	33
10.2 Utvikling 2014 .....	34
<b>11. SEKRETARIATET FOR DEN RETTSMEDISINSKE KOMMISJONEN</b> .....	<b>35</b>
11.1 Sekretariatet for Den rettsmedisinske kommisjonen – verksemda 2013.....	35
11.2 Resultat 2013.....	36
11.3 Utvikling 2014 .....	36
<b>12. SEKRETARIATET FOR BARNESAKKUNNIG KOMMISJON</b> .....	<b>37</b>
12.1 Resultat 2013.....	37
<b>13. SEKTOROVERGRIPANDE MÅLSETJINGAR</b> .....	<b>38</b>

13.1	Etablering av eit styringssystem for informasjonstryggleik .....	38
13.2	Elektronisk dokumentutveksling .....	38
13.3	Klart språk.....	38
13.4	Beredskap.....	38
13.5	Personell og likestilling .....	39
<b>14.</b>	<b>REKNESKAP .....</b>	<b>40</b>
14.1	Kapittel 473, post 01.....	40
14.2	Kapittel 469, post 01.....	40
14.3	Kapittel 475, post 21.....	41



## 1. INNLEIING

Statens sivilrettsforvaltning er eit statleg forvaltningsorgan under Justisdepartementet. Arbeidsoppgåvene våre er i stor grad knytte til behandling av enkeltsaker. Statens sivilrettsforvaltning har vedtakskompetanse innanfor følgjande sivilrettslege felt: verjemål, rettshjelp, erstatning etter strafforfølgning, tomtefeste, stadfesting av testamente og saker etter valdsoffererstatningslova.

Statens sivilrettsforvaltning har frå 1. januar 2013 fått rolla som sentralt verjemålsorgan. Statens sivilrettsforvaltning har i 2013 også fått ansvaret for å behandle krav om erstatning for manglande oppreisningserstatning etter trafikkulykker.

Vi er sekretariat for Erstatningsnemnda for valdsoffer, Stortingets utval for rettferdsvederlag, Den rettsmedisinske kommisjonen, Barnesakkunnig kommisjon og Konkursrådet.

Statens sivilrettsforvaltning er eit kompetansesenter på fagfelta våre og ein premissleverandør for lovarbeid på fagområda. Vedtaka blir anonymiserte og publiserte på Lovdata.

Per 31.12.13 er det 73 faste og mellombels tilsette i Statens sivilrettsforvaltning.

### 1.1 Samandrag måloppnåing

Klagesaker som Erstatningsnemnda for valdsoffer behandlar, skal i samsvar med krava i tildelingsbrevet behandlast ferdig innan seks månader. I 2013 blei 65 prosent behandla innan fristen, mot 28 prosent i 2012. Klagesaker om valdsoffererstatning som Statens sivilrettsforvaltning behandlar, skal behandlast ferdig innan fire månader. I 2013 blei 83 prosent av dei delegerte klagesakene behandla innan fristen, mot 70 prosent i 2012. Saksinngangen har auka med 24 prosent i 2013 samanlikna med 2012. Talet på behandla saker har i same perioden auka med 26 prosent.

På verjemålsfeltet har Statens sivilrettsforvaltning, i tråd med føringane frå departementet for 2013, medverka monaleg i arbeidet med å utvikle verjemålsapplikasjonen ARVE. I tillegg har hjelp til fylkesmannsembeta fått høg prioritet i 2013.

Søknader om erstatning når det gjeld strafforfølgning, skal i samsvar med tildelingsbrevet behandlast innan åtte månader, medrekna saksbehandlingstida i politiet. I 2013 blei 69 prosent av sakene behandla innan fristen. Til samanlikning blei 52 prosent behandla innan fristen i 2012. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida i Statens sivilrettsforvaltning er redusert med éin månad frå 2012 til 2013. Saksinngangen har i 2013 auka med 16 prosent frå 2012.

For klager over avgjerder som fylkesmennene, fylkesnemndene og kontrollkomisjonane gjer i saker om fri rettshjelp, er krava til saksbehandlingstid to månader i tildelingsbrevet. I 2013 blei 68 prosent av sakene behandla innan fristen, mot 75 prosent i 2012.

Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for søknader om rettferdsvederlag er 18 månader, noko ho også var i 2012.

## 2. ERSTATNING ETTER STRAFFORFØLGING


Statens sivilrettsforvaltning avgjer krav om erstatning etter strafforfølgning, jf. straffeprosesslova kapittel 31. Krav om erstatning blir sett fram for det politidistriktet som har etterforska saka. Påtalemakta gir uttale til saka og sender saka til Statens sivilrettsforvaltning for avgjerd.

### 2.1 Strafforfølgning – verksemda 2013

Statens sivilrettsforvaltning har i 2013 forbetra den gjennomsnittlege saksbehandlingstida. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid er redusert med éin månad frå 2012 til 2013. Samtidig har saksinngangen auka med 16 prosent frå 2012.

Figur 2.1 under viser utviklinga i innkomne og behandla saker og restanseutviklinga for perioden 2008–2013. Figuren viser at det har vore ein vedvarande auke i talet på innkomne saker sidan 2009, men auken har vore høgare i 2013 enn året før.

**Figur 2.1 Utvikling – innkomne, behandla<sup>1</sup> og restanse 2008–2013**



## 2.2 Resultat 2013

### 2.2.1 Tal på saker

Statens sivilrettsforvaltning fekk 740 krav om erstatning etter strafforfølgning i 2013. Statens sivilrettsforvaltning har vidare behandla 729 saker, ein nedgang i talet på behandla saker på tre prosent frå 2012.

<sup>1</sup> Medrekna omgjeringsøknader

**Tabell 2.1 Talet på saker innkomne – behandla – restanse**

	2013	2012	Endring
Innkomne	740	636	16 %
Behandla	729	750	-3 %
Restanse	124	109	14 %

Per 31.12.13 hadde Statens sivilrettsforvaltning 124 ubehandla saker i restanse, ein auke på om lag 14 prosent frå året før. Alle saker i restansen er krav som kom inn til Statens sivilrettsforvaltning i 2013. Eldste saka i restansen kom inn til Statens sivilrettsforvaltning 11.06.13. Årsaka til auken i restansen er den auka inngangen av saker på saksfeltet.

### 2.2.2 Behandla saker

Det blei tilkjent erstatning og/eller oppreisning i 378 saker, medan 339 saker blei avslått og 12 saker blei avviste. 52 prosent av dei sakene som blei behandla i 2013, blei innvilga, og det er like mange som året før. Av dei sakene som blei avslått, blei 54 prosent avslått med heimel i medverknadsregelen i straffeprosesslova § 446.

**Tabell 2.2 Resultat behandla saker**

	2013		2012	
	Tal på saker	Del	Tal på saker	Del
Tilkjent	378	52 %	392	52 %
Avslått	339	46 %	345	46 %
Avvist	12	2 %	13	2 %
Totalt	729	100 %	750	100 %

### 2.2.3 Omgjeringssøknader

Statens sivilrettsforvaltning har fått totalt 27 søknader om omgjering i 2013 mot 23 søknader om omgjering i 2012. Det blei behandla 29 søknader om omgjering i 2013.

Statens sivilrettsforvaltning har gjort om vedtaka til fordel for den som stilte kravet, i 24 prosent av desse sakene i 2013, mot 39 prosent i 2012. Omgjeringane kjem av at det er blitt lagt fram ny dokumentasjon, eller på grunn av ei endring av oppreisningsbeløpet på bakgrunn av Rt-2012-1615, jf. punkt 2.2.4.

### 2.2.4 Utbetalt erstatning/oppreisning

Innvilga erstatning og oppreisning i vedtak som Statens sivilrettsforvaltning gjorde i 2013, utgjorde til saman kr 12 688 617, jf. tabell 2.3. I 2012 blei det innvilga erstatning og oppreisning med kr 12 319 782.

Tilkjend oppreisning etter straffeprosesslova § 447 første ledd (standardsatsoppreisning etter fridomstap) utgjorde kr 3 628 900, fordelt på 275 saker.

Det er tilkjent kr 3 361 000 i oppreisning etter straffeprosesslova § 447 andre ledd i 2013, mot kr 2 105 000 i 2012. Vi må sjå auken i utbetalinga etter straffeprosesslova § 447 andre ledd i samanheng med at Høgsterett behandla terskelen for å bli tilkjend slik oppreisning, og oppreisningsnivået, i dom som er gitt att i Rt-2012-1615.


Oppreising etter straffeprosesslova § 447 tredje ledd blir tilkjend i saker der den som stiller kravet, er frifunnen etter at saka er opna på nytt, og der oppreisingsbeløpa kan variere i stor grad. Det er tilkjent oppreising med kr 840 000 i 2013, fordelt på fem saker, mot kr 490 000 i 2012, fordelt på tre saker.

**Tabell 2.3 Fordeling – erstatningspostar**

Erstatningspostar	2013		2012	
	Tal	Sum kr	Tal	Sum kr
Strprl § 444	49	4 334 041	59	4 663 350
Strprl § 445	2	254 600	1	7 648
Strprl § 447, 1. ledd	275	3 628 900	313	4 589 017
Strprl § 447, 2. ledd	153	3 361 000	98	2 105 000
forskr § 4	6	92 575	6	66 050
Strprl § 447, 3. ledd	5	840 000	3	490 000
Strprl § 448	10	177 501	12	398 717
<b>Totalt</b>	<b>500</b>	<b>12 688 617</b>	<b>492</b>	<b>12 319 782</b>

Rekneskapstal for 2013 viser at det er betalt ut kr 16 890 789 på kapittel 471, post 72, jf. figur 2.2. Differansen kjem av utbetalingar etter domstolsbehandling, der Statens sivilrettsforvaltning har betalt ut 3 869 565 kroner. I tillegg kjem tida som er gått frå vedtak er gjorde, til utbetalinga faktisk skjer. Vedtak som er gjorde på slutten av 2013, blir betalte ut i 2014.

**Figur 2.2 Utvikling i utbetalingar kapittel 471, post 72 2008–2013**



I 2013 er det tilkjent erstatning og/eller oppreising i 378 saker. Ettersom kvar sak kan omfatte fleire grunnlag, er talet på innvilga grunnlag i tabell 2.4 høgare enn talet på innvilga saker.

I 93 prosent av dei grunnlaga som er innvilga, har utbetalinga vore på kr 50 000 eller mindre. I 38 prosent av grunnlaga har det vore betalt ut kr 5000 eller mindre.



**Tabell 2.4 Beløpsdifferensiering basert på grunnlag for utbetaling**

Beløpsdifferensiering	Tal på innvilga	Del
Kr 1–5000	189	38 %
Kr 5001–10 000	98	20 %
Kr 10 001–20 000	93	19 %
Kr 20 001–50 000	81	16 %
Kr 50 001–100 000	21	4 %
Kr 100 001– 300 000	13	3 %
Kr 300 001–500 000	3	< 1 %
Kr 500 001–1 000 000	1	< 1 %
Kr 1 000 001–2 000 000	1	< 1 %
> Kr 2 000 000	0	0 %
Totalt	500 <sup>2</sup>	≈ 100 %

### 2.2.5 Saksbehandlingstid

Tildelingsbrevet fastset eit mål for saksbehandlingstida, medrekna saksbehandlingstida i politiet, på åtte månader. Delen ferdigbehandla saker innan åtte månader var 69 prosent i 2013, jf. tabell. 2.5. Dette er ei forbetring frå 2012, da delen var 52 prosent. I 13 prosent av sakene var saksbehandlingstida mellom åtte og tolv månader, medan 18 prosent av sakene hadde ei saksbehandlingstid på meir enn tolv månader.

**Tabell 2.5 Saksbehandlingstid inkl. politiet**

	2013	2012
Saksbehandlingstid	<b>Del behandla</b>	Del behandla
< 1 md.	<b>2 %</b>	2 %
1–2 md.	<b>9 %</b>	10 %
2–4 md.	<b>18 %</b>	14 %
4–6 md.	<b>26 %</b>	15 %
6–8 md.	<b>14 %</b>	11 %
8–10 md.	<b>8 %</b>	12 %
10–12 md.	<b>5 %</b>	12 %
> 12 md.	<b>18 %</b>	24 %
Totalt	<b>100 %</b>	100 %

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for saker som var behandla i 2013, var på sju månader når ein reknar med saksbehandlingstida i politiet. Dette er ein nedgang på éin måned frå 2012.

Statens sivilrettsforvaltning har redusert den interne gjennomsnittlege saksbehandlingstida med éin måned sidan 2012. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i Statens sivilrettsforvaltning, eksklusiv saksbehandlingstida i politiet, var på to månader i 2013.

<sup>2</sup> Kwart enkelt grunnlag som blir innvilga, blir talt kvar for seg, slik at ei sak kan gi treff på kvar av dei sju aktuelle erstatningspostane.

Statens sivilrettsforvaltning behandla ferdig 99,5 prosent av sakene innanfor seks månader, mot 73 prosent i 2012, jf. tabell 2.6.

**Tabell 2.6 Saksbehandlingstid i Statens sivilrettsforvaltning**

	<b>2013</b>	2012
Saksbehandlingstid	<b>Del behandla</b>	Del behandla
< 1 md.	<b>15 %</b>	22 %
1–2 md.	<b>22 %</b>	19 %
2–4 md.	<b>39 %</b>	16 %
4–6 md.	<b>22 %</b>	16 %
6–8 md.	<b>&lt; 1 %</b>	8 %
8–10 md.	<b>&lt; 1 %</b>	6 %
10–12 md.	<b>&lt; 1 %</b>	9 %
> 12 md.	<b>&lt; 1 %</b>	4 %
Totalt	<b>100 %</b>	100 %

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i politiet for dei sakene som er behandla i same perioden, er fem månader. Det er på same nivået som i 2012.

**Tabell 2.7 Tal på saker som er behandla, og gjennomsnittleg saksbehandlingstid for kvart politidistriktet**

Politidistrikt	2013		2012	
	Tal på saker	Gj.snittl. saksbeh.tid	Tal på saker	Gj.snittl. saksbeh.tid
Agder	66	4 md.	87	2 md.
Asker og Bærum	15	2 md.	27	3 md.
Follo	19	3 md.	18	2 md.
Gudbrandsdal	3	1 md.	1	10 md.
Haugal. og Sunnhord.	6	4 md.	10	2 md.
Hedmark	21	1 md.	19	2 md.
Helgeland	9	7 md.	6	3 md.
Hordaland	66	2 md.	61	4 md.
Kripos	6	3 md.	3	3 md.
Midtre Hålogaland	2	2 md.	4	1 md.
Nordmøre og Romsdal	9	4 md.	7	5 md.
Nordre Buskerud	7	2 md.	4	2 md.
Nord-Trøndelag	1	2 md.	7	2 md.
Oslo	142	6 md.	162	4 md.
PST	1	32 md.	3	3 md.
Rogaland	66	4 md.	54	4 md.
Romerike	32	3 md.	27	3 md.
Salten	5	11 md.	5	3 md.
Spesialeininga for politisaker	0	–	0	-
Sogn- og Fjordane	13	3 md.	10	1 md.
Sunnmøre	7	1 md.	7	6 md.
Sysselm. på Svalbard	0	–	1	3 md.
Søndre Buskerud	33	5 md.	21	8 md.
Sør-Trøndelag	18	5 md.	13	4 md.
Telemark	45	3 md.	32	4 md.
Troms	7	4 md.	9	4 md.
Vestfinnmark	3	1 md.	5	12 md.
Vestfold	71	5 md.	82	3 md.
Vestoppland	5	3 md.	9	8 md.
Økokrim	2	< 1 md.	2	1 md.
Østfinnmark	1	5 md.	7	6 md.
Østfold	48	11 md.	45	3 md.
<b>Totalt</b>	<b>729</b>		<b>750</b>	

**2.2.6 Forholdet til uttale frå politiet**

Av dei 729 sakene som blei behandla i 2013, gjorde Statens sivilrettsforvaltning vedtak i tråd med uttalen frå politiet i 56 prosent av sakene. Avgjerda avveik frå uttalen frå politiet i 44 prosent av sakene, som er ein liten auke frå 2012, da avgjerda avveik frå uttalen frå politiet i

39 prosent av sakene. Avviket frå uttalen frå politiet kan vere knytt til spørsmålet om erstatning bør innvilgast, og/eller storleiken på ei eventuell erstatning.

### 2.2.7 Saker for domstolane og Sivilombodsmannen

I 2013 var delen saker som blei gjort om av domstolen, mindre enn éin prosent.

Statens sivilrettsforvaltning tok imot 12 stemningar i 2013. Det er avsagt til saman 14 dommar og fem orskurdar, i tillegg til to vedtak. Dette er medrekna avgjerder i underinstansane der saka har vore behandla i meir enn éin instans, i tillegg til ikkje-rettskraftige avgjerder. Det er vidare inngått eitt utanrettsleg forlik. Statens sivilrettsforvaltning har ikkje fått klager som er sende inn til Sivilombodsmannen.

Av dei 14 avsagde dommene er tre av dommene ikkje rettskraftig avgjorde. Av dei fem avsagde orskurdane er to av sakene avgjerder i underinstansane. Desse sakene blir haldne utanfor i framstillinga vidare. Statens sivilrettsforvaltning sende ikkje inn nokon anke, men fekk seks ankar i 2013.

Av dei rettskraftig avgjorde orskurdane blei to saker behandla for tingretten og tre saker behandla for lagmannsretten.

Av dei elleve rettskraftig avgjorde dommene blei ni saker behandla av tingretten og to saker behandla av lagmannsretten. Staten blei frifunnen i fem saker og delvis frifunnen i seks saker. Med delvis frifunnen er meint at domstolane tilkjenner meir enn det som er tilkjent i vedtaket. I sju av dommene er saksøklar tilkjend meir i skjønsmessig oppreisning etter straffeprosesslova § 447 andre ledd enn saksøklar blei tilkjend i vedtaka. Bakgrunnen for at domstolen tilkjenner meir i skjønsmessig oppreisning etter avgjerda, må sjåast i samanheng med auken av oppreisingsnivået etter høgsterettsdommen som er gitt att i Rt-2012-1615. Elles gjeld ingen av dommene erstatning eller gjenopning av straffesaker.

**Tabell 2.8 Saker for domstolane**

	2013	2012	2011
Mottekne stemningar	12	11	17
Saker avgjorde i domstolane <sup>3</sup>	11	11	14
Frifunne	5	4	7
Delvis frifunne	6	3	6
Tap	0	4	1
Forlik	1	1	3
Rettsmekling	0	0	0

## 2.3 Utvikling 2014

Statens sivilrettsforvaltning vil framleis følgje utviklinga av innkomne saker og saksbehandlingstida. På grunn av auken i saksinngangen dei seinare åra blir det sett i verk ytterlegare tiltak for å effektivisere saksbehandlinga for dermed å auke produksjonen. Statens sivilrettsforvaltning har i 2013 teke kontakt med enkelte politidistrikt for å vurdere moglege forbetringar ved sakshandteringa/effektiviseringstiltak, og vil halde fram med dette arbeidet i 2014.

<sup>3</sup> Framstillinga viser berre rettskraftig avgjorde dommar.

### 3. FRI RETTSHJELP

Formålet med rettshjelpsordninga er å yte juridisk bistand til personar som ikkje sjølve har økonomiske vilkår for å kunne ta hand om eit rettshjelpsbehov som har stor personleg og velferdsmessig betydning. Ordninga er regulert i lov om fri rettshjelp av 13.06.80 nr. 35<sup>4</sup> og i forskrift til lov om fri rettshjelp av 12.12.05<sup>5</sup>.

Fri rettshjelp blir ytt som fritt rettsråd eller som fri sakførsel.

Statens sivilrettsforvaltning behandlar klager over avgjerder som fylkesmennene, fylkesnemndene og kontrollkomisjonane har gjort i saker om fri rettshjelp. Statens sivilrettsforvaltning behandlar også klager etter salærforskrifta og søknader om ettergiving av saksomkostningar til det offentlege.<sup>6</sup>

På vegner av Justis- og beredskapsdepartementet får Statens sivilrettsforvaltning kvartalsvis statistikk over talet på rettshjelpssaker frå alle fylkesmannsembeta. Etter årsskiftet blir statistikken samanfatta og gått gjennom. Statistikken blir send over til Justis- og beredskapsdepartementet med merknader frå Statens sivilrettsforvaltning om funn og utviklingstrekk på rettshjelpsfeltet.

På vegner av Justis- og beredskapsdepartementet får Statens sivilrettsforvaltning rapportar frå dei spesielle rettshjelpstiltaka som får tilskot under kapittel 470, post 72 i statsbudsjettet. I samsvar med premissane som går fram av tildelingsbrevet til tiltaka, følgjer Statens sivilrettsforvaltning opp at tiltaka rapporterer om korleis tilskotet blir disponert, og kva erfaringane er med korleis rettshjelpsverksemda til tiltaket fungerer. Rapportane blir sende over til Justis- og beredskapsdepartementet for vidare oppfølging.

Tilskota blir tildelte til tiltak som yter gratis juridisk rådgiving til personar som har eit udekt rettshjelpsbehov, og som av ulike årsaker elles ikkje får den juridiske hjelpa dei treng. Det blir blant anna ytt tilskot til studentrettshjelpstiltaka og andre spesielle rettshjelpstiltak. For 2013 blei det ytt tilskot på til saman 30 030 618 kroner frå Justis- og beredskapsdepartementet.

#### 3.1 Fri rettshjelp – verksemda 2013

Statens sivilrettsforvaltning legg vekt på å gi rettleiing og informasjon til dei som bruker rettshjelpsordninga, og arbeider med fagleg utvikling hos aktuelle aktørar på fagfeltet, til dette høyrer foredragsverksemd og deltaking på fagseminar.

Statens sivilrettsforvaltning heldt hausten 2013 det årlege seminaret for alle fylkesmannsembeta. Hovudtemaet på seminaret i 2013 var rettshjelp i utlendingssaker. Statens sivilrettsforvaltning har også delteke på regionale samlingar med fylkesmannsembeta.


Inngangen av saker på feltet har sokke kraftig dei seinare åra. Frå og med 2012 kan det sjå ut til at nedgangen i saksinngangen er i ferd med å bli svakare, jf. figur 3.1. Frå 2011 til 2012 blei det registrert ein nedgang i talet på innkomne saker på ni prosent mot ein nedgang på berre tre prosent frå 2012 til 2013. Nedgangen dei seinare åra kan ha samanheng med at formues- og inntektsgrensa for fri rettshjelp ikkje er endra sidan 1. januar 2009.

---

<sup>4</sup> Rettshjelpslova

<sup>5</sup> Rettshjelpsforskrifta

<sup>6</sup> Kongeleg resolusjon av 18.03.88.

**Figur 3.1 Utvikling – innkomne, behandla og restanse 2008–2013**

## 3.2 Resultat 2013

### 3.2.1 Tal på saker

I 2013 tok Statens sivilrettsforvaltning imot 402 saker på rettshjelpsfeltet. Til samanlikning fekk Statens sivilrettsforvaltning 414 saker i 2012. Statens sivilrettsforvaltning har i 2013 behandla 386 saker på rettshjelpsfeltet. Tilsvarende tal for 2012 var 388 saker.

**Tabell 3.1 Tal på saker innkomne – behandla – restanse**

	2013	2012	Endring
Innkomne	<b>402</b>	414	-3 %
Behandla	<b>386</b>	388	-1 %
Restanse	<b>59</b>	47	26 %

Alle saker i restanse kom inn i 3. tertial 2013 og fordeler seg på sakstypene fritt rettsråd, fri sakførsel og fylkesnemndene/kontrollkomisjonane på følgjande vis: 60 prosent, 31 prosent og 9 prosent.

### 3.2.2 Behandla saker

Fordelinga av behandla saker på sakstype i 2013 er relativt lik 2012, jf. tabell 3.2.

**Tabell 3.2 Behandla saker fordelt på type rettshjelpytting**

Sakstype	2013		2012	
	Saker behandla	Del	Saker behandla	Del
Fritt rettsråd	253	66 %	264	62 %
Fri sakførsel	93	24 %	105	25 %
Fylkesnemndene/ kontrollkommisjonane	38	10 %	19	5 %
Ettergiving av saksomkostningar	2	< 1 %	0	0 %
<b>Totalt</b>	<b>386</b>	<b>≈ 100 %</b>	<b>388</b>	<b>≈ 100 %</b>

Det har vore ein svak nedgang i talet på behandla klager om fritt rettsråd frå 264 saker i 2012 til 253 i 2013. Nedgangen er på fire prosent. Vidare har det vore ein nedgang i talet på behandla klager over avslag på søknad om fri sakførsel, frå 105 i 2012 til 93 i 2013.

Statens sivilrettsforvaltning behandla to søknader om ettergiving av saksomkostningar til det offentlege i 2013.<sup>7</sup>

**Tabell 3.3 Resultat av klagebehandling 2013**

	Omgjort	Stadfesta	Avvist	Del omgjort
Fritt rettsråd	18	234	1	7 %
Fri sakførsel	2	91	0	2 %
Fylkesnemndssaker/ kontrollkommisjonane	4	34	0	11 %
Ettergiving av saksomkostnader	1	1	0	50 %
<b>Totalt</b>	<b>25</b>	<b>360</b>	<b>1</b>	<b>6 %</b>

I 2013 gjorde Statens sivilrettsforvaltning om sju prosent av sakene om fritt rettsråd, og to prosent av sakene om fri sakførsel. I 2012 gjorde Statens sivilrettsforvaltning om tolv prosent av sakene om fritt rettsråd, og tre prosent av sakene om fri sakførsel.

Når det gjeld fritt rettsråd, har det vore ein liten nedgang i talet på omgjorde saker samanlikna med 2012, frå tolv prosent til sju prosent. Nedgangen kjem truleg av tilfeldige variasjonar.

Årsaka til at omgjeringsprosenten er lågare for fri sakførsel enn for fritt rettsråd, er hovudsakleg at Statens sivilrettsforvaltning berre behandlar uprioriterte saker der høvet til å innvilge fri sakførsel etter regelverket er svært restriktivt. Dette er i motsetnad til fritt rettsråd, der Statens sivilrettsforvaltning behandlar både prioriterte og uprioriterte saker, og der vilkåra for å innvilge fritt rettsråd er lempelegare. Derfor er omgjeringsprosenten for fri sakførsel noko lågare enn for fritt rettsråd.

<sup>7</sup> Statens innkrevjingsentral har kompetanse til å avgjere saker om ettergiving av saksomkostningar til det offentlege der hovudstolen utgjer inntil 1,5 gonger grunnbeløpet i folketrygda. I dei fleste sakene utgjer hovudstolen under 1,5 gonger grunnbeløpet i folketrygda, slik at det er eit fåtal saker som skal avgjerast av Statens sivilrettsforvaltning.

**Tabell 3.4 Behandla saker (fritt rettsråd / fri sakførelse / salærfastsettning) fordelt på fylkesmannsembeta**

	2013	2012	12-13
Fylkesmann	Tal	Tal	Endring
Aust-Agder	13	13	0 %
Buskerud	6	18	-67 %
Finnmark	12	9	33 %
Hedmark	10	10	0 %
Hordaland	40	23	74 %
Møre og Romsdal	9	15	-40 %
Nordland	15	15	0 %
Nord-Trøndelag	4	2	100 %
Oppland	6	5	20 %
Oslo og Akershus	114	118	-3 %
Rogaland	6	6	0 %
Sogn og Fjordane	15	14	7 %
Sør-Trøndelag	15	29	-48 %
Telemark	9	10	-10 %
Troms	16	16	0 %
Vest-Agder	19	15	27 %
Vestfold	22	23	-4 %
Østfold	15	28	-46 %
Fylkesnemndene/ kontrollkommisjonane <sup>8</sup>	38	0	-
SI <sup>9</sup>	2	0	-
<b>Totalt</b>	<b>386</b>	<b>369</b>	

### 3.2.3 Omgjeringssøknader

Statens sivilrettsforvaltning har fått inn 26 søknader om omgjering av vedtak i 2013 mot 39 i 2012.

Det blei behandla 31 omgjeringssøknader i 2013, mot 38 i 2012. I 2013 gjorde Statens sivilrettsforvaltning om 23 prosent av sine egne vedtak på grunnlag av omgjeringssøknader. Til samanlikning gjorde Statens sivilrettsforvaltning om åtte prosent av sine egne vedtak på dette grunnlaget i 2012.

### 3.2.4 Saksbehandlingstid

Delen av saker som er behandla innanfor kravet på to månader, er 68 prosent, jf. tabell 3.6. I 31 prosent av sakene var saksbehandlingstida mellom to og fire månader.

<sup>8</sup> Tal frå fylkesnemndene/kontrollkommisjonane er ikkje tekne med i denne tabellen i årsrapporten for 2012.

<sup>9</sup> Statens innkrevjingsentral. Gjeld søknad om ettergiving av sakskostnader til det offentlege, jf. Kongelig resolusjon av 18.03.88.



**Tabell 3.6 Saksbehandlingstid**

	2013	2012
Saksbehandlingstid	Del behandla	Del behandla
< 1 md.	17 %	28 %
1–2 md.	51 %	47 %
2–4 md.	31 %	21 %
4–6 md.	< 1 %	1 %
6–8 md.	< 1 %	3 %
> 8 md.	< 1 %	0 %
Totalt	≈ 100 %	≈ 100 %

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for 2013 var éin månad. I saker der det var nødvendig å hente inn ytterlegare informasjon eller uttalar, er saksbehandlingstida blitt lengre.

### 3.3 Utvikling 2014

Statens sivilrettsforvaltning har frå 2012 til 2013 registrert ein nedgang på tre prosent i talet på innkomne saker. Det ser ut til at den generelle nedgangen i saker som er komne inn dei siste åra, er i ferd med å bremse opp. Saksinngangen i 2014 er blant anna avhengig av talet på utlendingssaker. Det har i perioden 2012 til 2013 vore ein auke i talet på asylsøkjjarar til Noreg på 22 prosent. Dette fører venteleg til ein auke i talet på klager i asylsaker. På den andre sida kan det vere grunn til å vente ein viss nedgang i andre typar klagesaker. Dette er fordi formues- og inntektsgrensene for fri rettshjelp ikkje er endra sidan 1. januar 2009, og det skal først ein svært restriktiv praksis når det gjeld å gi dispensasjon frå dei økonomiske vilkåra. Dette inneber at stadig færre personar oppfyller vilkåra for fri rettshjelp. Statens sivilrettsforvaltning vil som tidlegare følgje med på korleis saksinngangen utviklar seg i tida framover.

Statens sivilrettsforvaltning vil føre vidare det årlege seminaret for alle fylkesmannsembeta. Vidare vil Statens sivilrettsforvaltning delta på dei regionale samlingane i regi av fylkesmannsembeta og halde føredrag på samlingar for fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker.

## 4. STADFESTING AV TESTAMENTE

Det følgjer av lov om arv m.m. av 03.03.72 nr. 5 (arvelova) at eit testamente i somme tilfelle berre er gyldig når det er stadfesta av Kongen. Kongens kompetanse blei ved kgl.res. av 23. juni 1972 overført til Justis- og beredskapsdepartementet. Justis- og beredskapsdepartementets kompetanse til å stadfeste testament etter arvelova § 33, § 34, § 48 og § 73 blei delegert vidare til Statens sivilrettsforvaltning 01.01.07. Klager over avgjerder i Statens sivilrettsforvaltning blir behandla av Justis- og beredskapsdepartementet.

### 4.1 Stadfesting av testamente – verksemda 2013

I tillegg til å behandle enkeltsaker svarer Statens sivilrettsforvaltning på munnlege førespurnader frå publikum og andre instansar om stadfesting av testamente.

### 4.2 Resultat 2013

I 2013 kom det inn fem saker om stadfesting av testamente. Sju søknader om stadfesting av testamente blei realitetsbehandla.

Per 31.12.13 hadde Statens sivilrettsforvaltning ein sak i restanse.

**Tabell 4.1 Talet på saker innkomne – behandla – restanse**

	2013	2012
Innkomne	5	5
Behandla	7	2
Restanse	1	3

**Tabell 4.2 Resultat av behandla saker**

	2013	2012
Stadfesta	5	2
Avslått	1	0
Avviste	1	0

Statens sivilrettsforvaltning har ei saksbehandlingstid på to månader frå søknaden kjem inn, til vedtaket er klart. I saker der det er nødvendig å hente inn dokumentasjon eller uttalar, blir saksbehandlingstida lengre.

### 4.3 Utvikling 2014

Statens sivilrettsforvaltning forventar at saksinngangen er uendra for 2014.

## **5. TOMTEFESTE**

Statens sivilrettsforvaltning behandlar klager over vedtak hos fylkesmennene som gjeld oppreisning når fristen for å krevje innløyning eller forlenging av festeforhold er ute, jf. tomtefestelova § 36. Statens sivilrettsforvaltning behandlar vidare klager over vedtak hos fylkesmennene om kva som skal følgje med ved innløyning av punktbeste og i området der det er festa bort tomter til fritidshus etter ein samla plan, jf. tomtefestelova § 37 tredje ledd, jf. tomtefesteforskrifta § 5.

### **5.1 Tomtefeste – verksemda 2013**

Statens sivilrettsforvaltning har kontakt med fylkesmennene om praksis i saker om fristoppreising og kva som skal følgje med ved innløyning av tomtefesteforhold. Statens sivilrettsforvaltning har svart på munnlege førespurnader om fristoppreising og innløyningsspørsmål i tomtefesteforhold frå publikum og andre instansar etter kvart som dei er komne inn.

### **5.2 Resultat 2013**

I 2013 kom det ikkje inn nye saker, og det er ingen restanse.

## 6. VERJEMÅL

Stortinget vedtok 4. mars 2010 ny verjemålslov som tok til å gjelde 01.07.13. Det sentrale verjemålsorganet er lagt til Statens sivilrettsforvaltning frå 01.01.13.

Statens sivilrettsforvaltning er klageinstans for vedtak hos fylkesmannen etter verjemålslova, skal drive etatsstyring og føre tilsyn (legalitetstilsyn og finansielt tilsyn) med oppgåvene til fylkesmannen. Statens sivilrettsforvaltning fastset i tillegg kva finansinstitusjonar som fylkesmennene skal nytte for midlane til personar med verje, og forhandlar med finansinstitusjonane om innskotsvilkår. Statens sivilrettsforvaltning har også ansvaret for å informere fylkesmennene og befolkninga generelt om verjemål, og skal vere systemeigar for verjemålsapplikasjonen.

### 6.1 Verjemål – verksemda 2013

Verjemålsavdelinga i Statens sivilrettsforvaltning var etablert på Hamar frå 01.01.13.

Statens sivilrettsforvaltning har i stor grad medverka i verjemålsprosjektet fram til verjemålsreforma tok til å gjelde frå 01.07.13. Forseinkingane og utfordringane i delprosjekt data har ført til at store ressursar er brukte til vidare prosjektarbeid og bistand til fylkesmennene også etter 01.07.13.

Statens sivilrettsforvaltning har gjennom heile 2013 brukt store ressursar på dette fagområdet, og det har vore tett dialog med Justisdepartementet. I tråd med styringssignala frå departementet er oppgåver knytte til oppfølging og bistand til fylkesmennene, informasjon og opplæring, i tillegg til støtte til å utvikle verjemålsapplikasjonen, blitt høgt prioriterte.

Statens sivilrettsforvaltning har blant anna utarbeidd retningslinjer, instruksar og rettleiingar til fylkesmennene og utarbeidd informasjon på verjemålsportalen [www.vergemal.no](http://www.vergemal.no). I tillegg er det blitt publisert informasjon og nyhende til fylkesmennene på det interne nettet til embeta. Informasjonsbehovet har vist seg å vere omfattande, og det har derfor gått med mykje tid på å svare på førespurnader frå fylkesmennene når det gjeld praksis, korleis ein skal forstå regelverket, og korleis ein handterer problem med verjemålsapplikasjonen. Det har også vore halde fleire styringsmøte med fylkesmennene.

### 6.2 Resultat 2013

#### 6.2.1 *Talet på saker*

Det har komme inn 131 klagesaker i 2013. I perioden juli–august har det i hovudsak komme inn klager over vedtak som overformynderia har gjort, jf. forskrift til vergemålsloven av 15.02.13, nr. 201 (§ 41 tilføydd ved forskrift av 4. juni 2013 nr. 580). Frå september til desember er det i hovudsak komme inn klager over vedtak hos fylkesmannen.

**Tabell 6.1 Tal på saker innkomne – behandla – restanse**

	<b>2013</b>
Innkomne	<b>131</b>
Klager trekte	<b>4</b>
Returnerte FM	<b>48</b>
Innkomne på nytt etter retur FM	<b>11</b>
Behandla	<b>55</b>
Restanse	<b>35</b>

I perioden juli–august blei ein del saker returnerte til fylkesmannen på grunn av manglande førsteinstansbehandling av klaga. Om hausten kom det totalt inn 11 saker på nytt etter å ha vore returnerte til fylkesmannen. Statens sivilrettsforvaltning har også returnert nokre saker som har vist seg å ikkje vere klager på vedtak hos overformyndieriet eller fylkesmannen.

### **6.2.2 Behandla saker**

Vedtak hos fylkesmannen er stadfesta i 35 saker. Ni saker er avviste som følgje av at vilkåra for å behandle klaga ikkje ligg føre. I fem saker er vedtak oppheva og saka returnert til fylkesmannen for ny vurdering på grunn av saksbehandlingsfeil hos underinstans. Vedtak er gjorde om i seks saker.

**Tabell 6.2 Resultat av behandla saker**

	<b>2013</b>	<b>Fordeling</b>
Stadfesta	<b>35</b>	<b>63 %</b>
Avviste	<b>9</b>	<b>16 %</b>
Oppheva/omgjorde	<b>11</b>	<b>20 %</b>
Totalt	<b>55</b>	<b>100 %</b>

### **6.2.3 Saksbehandlingstid**

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid har vore mellom to og tre månader i 2013.

## **6.3 Utvikling 2014**

Verjemålsfeltet skal prioriterast i 2014 for å sikre at rammeverket for ei velfungerande verjemålsordning er etablert. Utviklinga av verjemålsapplikasjonen vil framleis krevje mykje tid og ressursar og må derfor prioriterast høgt også i 2014. Etatsstyring er ei anna prioritert oppgåve i 2014. Det er blant anna planlagt embetsbesøk hos alle fylkesmennene, i tillegg til at det skal haldast styringsmøte med alle fylkesmannsembeta.

## 7. RETTFERDSVEDERLAG


Rettferdsvederlagsordninga er Stortingets ordning. Etter denne ordninga kan enkeltpersonar søkje om ein skjønnsmessig kompensasjon frå staten når dei er komne særleg uheldig ut og er påførte skadar eller ulemper som ikkje blir dekte etter alminnelege erstatningsreglar eller gjennom trygde-, forsikrings- eller erstatningsordningar. Sakene blir avgjorde av utvala for rettferdsvederlag, som er organ for Stortinget. Det har i 2013 vore to utval i arbeid. Statens sivilrettsforvaltning har fått oppgåva som sekretariat for utvala.

Det er gjort nærare greie for den alminnelege rettferdsvederlagsordninga i St.prp. nr. 72 (1998–1999), Innst. S. nr. 4 (1999–2000), St.prp. nr. 65 (2006–2007) og Innst. S. nr. 262 (2006–2007). Stortinget har i tillegg vedteke særordningar for krigsbarn (avslutta), romanifolk/taterar og eldre utdanningsskadelidande samar og kvenar, sjå St.meld. nr. 44 (2003–2004) og Innst. S. nr. 152 (2004–2005). Stortinget har vidare vedteke særordning for barn i barneheimar m.m., sjå St.meld. nr. 24 (2004–2005) og Innst. S. nr. 217 (2004–2005).

### 7.1 Rettferdsvederlag – verksemda 2013

Talet på mottekne søknader under rettferdsvederlagsordninga i 2013 viser at inngangen av saker framleis går ned noko i 2013, jf. figur 7.1. Nedgangen er derimot mindre enn det han har vore dei seinare åra.

**Figur 7.1 Utvikling – søknader mottekne og behandla i perioden 2005–2013**



Statens sivilrettsforvaltning har utarbeidd årsrapport for 2012 på vegner av utvala. Rapporten blei behandla av Stortinget utan vesentlege merknader da Innst. 454 S (2012–2013) blei vedteken.

I 2013 er det arrangert eit årleg møte med interesseorganisasjonen Stiftelsen for rettferd for taperne. Det er også halde regelmessige møte med utvalseleinga og faginstansar i tråd med innarbeidde rutinar. Vidare er det halde møte med enkelte faginstansar med sikte på opplæring. Kontaktpunkta som er nemnde ovanfor, er viktige for å ta vare på ein god informasjonsflyt og for å medverke til at sakene blir behandla likt.

Statens sivilrettsforvaltning har i 2013 innført elektronisk samhandling med dei mest sentrale faginstansane. Frå hausten 2013 blei det også innført elektronisk samhandling med eitt av utvala. Elektronisk samhandling blir ført vidare med nytt utval i 2014.

## 7.2 Resultat 2013

### 7.2.1 Nye søknader


Det er komme inn 602 søknader i 2013, mot 647 i 2012. Det er ein nedgang på sju prosent i talet på nye saker. Nedgangen gjeld hovudsakleg særordninga for tidlegare barneheimsbarn m.m. (St.meld.nr. 24). Talet på nye søknader etter alminneleg ordning har derimot auka med fem prosent. Tabell 7.1 viser korleis søknadene fordeler seg på dei ulike ordningane i perioden 2012–2013.

**Tabell 7.1 Mottekne saker, fordelte etter rettfærdsvederlagsordning**

Søknader	2013		2012		12-13
	Innkome	Del	Innkome	Del	Endring
St.meld. nr. 44	27	4 %	31	5 %	-13 %
St.meld. nr. 24	106	18 %	168	26 %	-37 %
Alm. ordning	469	78 %	448	69 %	5 %
Totalt	602	100 %	647	100 %	-7 %

Figur 7.2 viser utviklinga av mottekne søknader fordelte på dei ulike rettfærdsvederlagsordningane i perioden 2005 til 2013.

**Figur 7.2 Utvikling – mottekne saker fordelte etter rettfærdsvederlagsordning 2005–2013**



## 7.2.2 Behandla saker

Utvala har i 2013 til saman halde 22 møte og avgjort 734 saker.

Oversikt over korleis dei behandla sakene fordeler seg på rettferdsvederlagsordningane, kjem fram av tabell 7.2.

**Tabell 7.2 Behandla saker fordelt på rettferdsvederlagsordning**

	2013		2012		12-13
	Behandla	Del	Behandla	Del	Endring
Søknader					
St.meld.nr.44	29	4 %	63	7 %	-54 %
St.meld. nr. 24	228	28 %	234	27 %	-3 %
Alm. ordning	477	58 %	478	55 %	0 %
<b>Totalt UR-beh.</b>	<b>734</b>	<b>90 %</b>	<b>775</b>	<b>89 %</b>	<b>-5 %</b>
Avvist av SRF	81	10 %	91	11 %	-11 %
<b>Tot. UR + SRF</b>	<b>815</b>	<b>≈ 100 %</b>	<b>866</b>	<b>≈ 100 %</b>	<b>-6 %</b>

I 2013 blei 81 søknader avviste frå behandling i utvala.<sup>10</sup> Totalt er 306 søknadsgrunnlag avviste som følgje av at forholdet ikkje blir omfatta av rettferdsvederlagsordninga. Dette talet omfattar grunnlag både frå søknader som er avviste i sin heilskap og frå søknader der enkeltgrunnlag er avviste, medan saka elles er teken til behandling. Meir spesifikk grunngeving for avvisinga kjem fram av tabell 7.3.

Statens sivilrettsforvaltning har i 2013 innstilt saksbehandlinga i tolv saker før vedtak er gjort, som følgje av at søkjaren er død.<sup>11</sup>

**Tabell 7.3 Grunnlag for avvising**

	2013		2012	
	Tal	Del	Tal	Del
Avvisingsgrunnlag				
Er omfatta av valdsoffererstatning	129	42 %	107	38 %
Er omfatta av NPE	16	5 %	11	4 %
Gjeld trygdeforhold	5	2 %	6	2 %
Behandla ved domstolen	3	1 %	2	1 %
Ikkje rettsleg forelda	10	3 %	10	4 %
Gjeld private rettsforhold	2	1 %	2	1 %
Vanskelege oppvekstforhold/mobbing	107	35 %	107	38 %
Anna	34	11 %	35	12 %
<b>Totalt</b>	<b>306</b>	<b>100 %</b>	280	100 %

Tabell 7.4 viser at 1017 søknadsgrunnlag er behandla etter alminneleg ordning. Dette er ein marginal nedgang frå 2012, da 1042 søknadsgrunnlag blei behandla. Talet på behandla saker etter alminneleg ordning er 477. Forskjellen mellom talet på saker og talet på grunnlag viser at det gjennomgåande er fleire søknadsgrunnlag i kvar sak.

<sup>10</sup> Statens sivilrettsforvaltning har fått fullmakt til å avvise saker som av ulike årsaker ikkje blir rekna som omfatta av rettferdsvederlagsordninga, jf. Innst. S. nr. 4 (1999–2000).

<sup>11</sup> Dersom søkjaren døyr før saka er ferdig behandla, skal søknaden reknast som utgått, jf. St.prp. nr. 72 (1998–1999) side 2.



**Tabell 7.4 Alminneleg rettferdsvederlagsordning – søknadsgrunnlag og utfall**

Søknadsgrunnlag	2013		
	Tal	Del innvilga	Del avslått
Svikt i barnevernstenesta	405	47 %	53 %
Manglar ved skulegang	315	26 %	74 %
Spesialskule – kritikkverdige forhold	10	60 %	40 %
Behandlingsheim – kritikkverdige forhold	40	5 %	95 %
Fysiske/seksuelle overgrep	101	40 %	60 %
Pasientskade	52	17 %	83 %
Anna	94	14 %	86 %
<b>Totalt</b>	<b>1017</b>	<b>34 %</b>	<b>66 %</b>

### 7.2.3 Søknader om omgjering


Statens sivilrettsforvaltning har i 2013 fått 46 søknader om omgjering<sup>12</sup> etter vedtak, mot 61 i 2012.

Statens sivilrettsforvaltning har i 2013 avvist<sup>13</sup> 38 søknader om omgjering etter fornya behandling, mot 39 i 2012.

Utvala har behandla 17 søknader om omgjering, av desse førte fire til at rettferdsvederlag blei innvilga. Tilsvarande tal for 2012 var åtte behandla og to innvilga.

### 7.2.4 Utbetalt rettferdsvederlag

Det er i 2013 betalt ut kr 61 025 000 i rettferdsvederlag frå staten. Dette er ein liten reduksjon frå året før da det blei betalt ut kr 64 830 000, jf. figur 7.4.

**Figur 7.4 Utvikling – utbetalt rettferdsvederlag 2005–2013 (i mill. kroner)**

<sup>12</sup> Søknadene er i hovudsak knytte til alminneleg rettferdsvederlagsordning.

<sup>13</sup> Det er ikkje høve til å klage til Stortinget over vedtak i utvala, jf. Innst. S. nr. 4 (1999–2000). Skal utvala kunne behandle søknader om omgjering, må det vere lagt fram nye opplysningar som kan ha noko å seie for utfallet i saka. Statens sivilrettsforvaltning har fullmakt til å avvise søknader om omgjering når dette ikkje er tilfellet.

Det er innvilga rettferdsvederlag i 64 prosent av dei behandla sakene i 2013. Dette er omtrent same innvilgingsprosenten som dei to åra før. Det blei i 2012 innvilga rettferdsvederlag i 61 prosent av sakene, medan delen innvilga saker var 65 prosent i 2011.

Tabell 7.5 viser korleis dei 472 sakene som utvala har innvilga vederlag i, fordeler seg på dei ulike ordningane, og korleis resultatet i saka er blitt med omsyn til vederlagsnivå. Vidare kjem det fram at i alt 262 søknader er heilt avslått.

**Tabell 7.5 Vederlagsnivå fordelt på rettferdsvederlagsordningane 2013**

Vederlagsnivå	St. meld. nr. 44	St. meld. nr. 24	Alm. ordning	Totalt
Avslag	2	23	237	262
1'-20'	12	0	0	12
21'-50'	3	11	38	52
51'-100'	10	54	135	199
101'-150'	1	54	49	104
151'-200'	1	37	15	53
201'-300'	0	47	3	50
> 300	0	2	0	2
<b>Totalt</b>	<b>29</b>	<b>228</b>	<b>477</b>	<b>734</b>

### 7.2.5 Restanse

Ved årsskiftet er det 743 søknader om rettferdsvederlag i restanse, ein nedgang frå 996 søknader året før. Av restansen er 62 saker ferdig utgreidde og i prosess for behandling i utvala. Til samanlikning var 126 saker klare for utvala på same tidspunktet i fjor. I tillegg er 13 omgjeringsøknader i restanse.

Fleirtalet av restansesakene er komne inn i 2013, jf. tabell 7.6.

**Tabell 7.6 Restanse fordelt på alder**

	2013	2012	2011	2010	< 2010
Restansedel	64 %	29 %	5 %	1 %	< 1 %

Ein søknad om rettferdsvederlag dreier seg regelmessig om fleire grunnlag, slik at éi sak ofte er til utgreiing hos fleire faginstansar. Ved årsskiftet var totalt 697 grunnlag under utgreiande behandling i faginstansane.

**Tabell 7.7 Restansar i faginstansane**

	Søknader frå 2011	Søknader frå 2012	Søknader frå 2013	<b>Restanse 2013</b>	Restanse 2012
Bufdir	4 <sup>14</sup>	53	325	<b>382</b>	527
Udir	-	12	244	<b>256</b>	221
H-dir	-	-	54	<b>54</b>	55
AV-dir	-	1	4	<b>5</b>	31
Totalt	4	66	627	<b>697</b>	834

<sup>14</sup> Ein søknad frå 2010 er rekna med.

## 7.2.6 Saksbehandlingstid

I saker der ein ekstern faginstans står for utgreiinga, er samla saksbehandlingstid hos Statens sivilrettsforvaltning ikkje meir enn to månader. Når statens sivilrettsforvaltning har ferdigstilt saka, tek det i underkant av to månader før saka blir behandla av utvala. Når ei sak blir greidd ut hos andre faginstansar, er målet at saksbehandlingstida i faginstans ikkje skal strekkje seg utover tolv månader.

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet opplyser om ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid på 15 månader i 2013. Utdanningsdirektoratet opplyser om at tolv månader er gjennomsnittleg saksbehandlingstid. Helsedirektoratet opplyser at saksbehandlingstida er gjennomsnittleg sju månader, og Arbeids- og velferdsdirektoratet opplyser om ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid på 20 månader.

**Tabell 7.7 Saksbehandlingstid – saker behandla i utvala**

	2013	2012
Saksbehandlingstid	Del behandla	Del behandla
< 4 md.	1 %	1 %
4–6 md.	2 %	2 %
6–12 md.	14 %	14 %
12–18 md.	17 %	21 %
> 18 md.	66 %	62 %
Totalt	≈ 100 %	≈ 100 %

I saker der Statens sivilrettsforvaltning er einaste faginstansen, er det i 2013 gjort 19 vedtak. I sju av desse sakene er saksbehandlingstida innanfor det fastsette resultatmålet på seks månader. Andre saker har hatt ei lengre saksbehandlingstid som følgje av at der er henta inn dokumentasjon, og fordi søkjaren har utsett saka. Den samla gjennomsnittlege saksbehandlingstida for desse sakene er ni månader.

Når det gjeld dei saken der berre Statens sivilrettsforvaltning er faginstans, har det vore ein nedgang i talet på nye søknader dei seinare åra. Vi må rekne med at denne nedgangen varer ved, sidan forhold som det blir søkt om vederlag for, i hovudsak er relaterte til fysiske og seksuelle overgrep frå tida før 1975.

Den totale gjennomsnittlege saksbehandlingstida for alle typar saker har vore 18 månader i 2013, noko ho også var i 2012.

## 7.3 Utvikling 2014

Statens sivilrettsforvaltning held i 2014 fram arbeidet med å føre vidare og utvikle samarbeidet mellom utvalleiinga, sekretariatet og faginstansane. Det blir framleis arbeid med å oppdatere og utvikle vidare retningslinjer og erfaringsbasar for å sikre likebehandling av sakene og ei mest mogleg effektiv sakshandtering, særleg med tanke på saker etter alminneleg rettferdsvederlagsordning. Slik Statens sivilrettsforvaltning ser det, er saksbehandlingstida i somme sentrale faginstansar framleis ei utfordring når det gjeld å bli ferdig med saker innan rimeleg tid, sjølv om utviklinga i saksbehandlingstida hos fleire av faginstansane var positiv i 2013.

Statens sivilrettsforvaltning tek sikte på å innføre elektronisk dokumentutveksling med fleire faginstansar i rettferdsvederlagssaker i 2014.

Det har i seinare tid vore ei utfordring å få eit tilstrekkeleg tal ferdigstilte saker til behandling for to utval. Dette kjem av ein nedgang i talet på innkomne søknader dei siste åra. Som følgje av dette er det frå 1. januar 2014 berre eitt utval i arbeid. Den elektroniske samhandlinga som blei etablert med utvalet hausten 2013, held fram med det nyoppnemnde utvalet.

Elektronisk oversending av saksdokumentasjon er eit effektiviseringstiltak som er tidsparande og skaper betre informasjonsflyt mellom Statens sivilrettsforvaltning, faginstansar og utval gjennom heile saksprosessen.

Den gode kontakten som er etablert med interesseorganisasjonar, blir også ført vidare i 2014.

## 8. VALDSOFFERERSTATNING


Statens sivilrettsforvaltning er sekretariat for Erstatningsnemnda for valdsoffer (nemnda). Nemnda behandler klager over vedtak som Kontoret for valdsoffererstatning (KFV) har gjort etter valdsoffererstatningslova. Statens sivilrettsforvaltning har fått delegert mynde til å gjere vedtak i dei sakene som ikkje eksplisitt skal leggast fram for avgjerd i nemnda.<sup>15</sup>

### 8.1 Valdsoffererstatning – verksemda 2013

Statens sivilrettsforvaltning har gjennom 2013 halde ved lag ein høg produksjon i klagesaksbehandlinga. Faggruppa er monaleg styrkt etter terrorhandlingane i 2011. Saksbehandlinga har gått gjennom ein effektiviseringsprosess. Dette har gitt resultat i form av høgare produksjon og kortare saksbehandlingstid. Den samla produksjonen har auka med 26 prosent frå 2012. Samtidig har den høge saksinngangen frå KFV også halde fram.

Figur 8.1 nedanfor viser utviklinga i den samla inngangen av saker, talet på vedtak som er gjorde, og tala for restansen dei siste fem åra. Figuren viser at inngangen av nye saker og talet på behandla saker har stige sidan 2009. Restansen har også auka noko som ei følgje av dette, om enn i mindre grad enn inngangen av nye saker.

**Figur 8.1 Utvikling – inkomne, behandla og restanse 2009–2013**



Nemnda gjennomførte tolv nemndsmøte i 2013. Alle møta gjekk over to dagar. Nemnda, faggruppa i Statens sivilrettsforvaltning og representantar frå KFV gjennomførte 9. oktober 2013 ei synfaring i Regjeringskvartalet med høgblokka i samband med behandling av saker frå 22. juli 2011-komplekset.

Statens sivilrettsforvaltning deltok på to valdsoffererstatningsseminar i 2013 og har halde faglege foredrag i ulike samanhengar.

Statens sivilrettsforvaltning har fått endra delegasjonsfullmakt frå nemnda i vedtak av 18. desember 2013, jf. valdsoffererstatningslova § 13 tredje ledd. Endringa inneber at

<sup>15</sup> Jf. delegasjonsvedtak av 18. desember 2013

vedtakskompetansen til Statens sivilrettsforvaltning omfattar alle saker om ikkje eksplisitt skal leggast fram for behandling i nemnda.

Medlemmene i nemnda er nemnde opp på nytt til 30.04.16.

## 8.2 Resultat 2013

### 8.2.1 Tal på saker

Statens sivilrettsforvaltning fekk 1239 klagesaker frå KFV i 2013, av desse var 131 klagesaker knytte til 22. juli 2011-komplekset. Dette er ein auke på 32 prosent frå 2012, da det kom inn 938 klagesaker. Det er i tillegg komme inn klager om tilleggserstatning, søknader om omgjering og krav om sakskostnad, slik at det totalt er komme inn 1362 saker i 2013, jf. tabell 8.1.

Talet på behandla saker<sup>16</sup> har i 2013 auka med 26 prosent frå 2012. Statens sivilrettsforvaltning og nemnda har såleis møtt den høge saksinngangen med tilsvarande høg produksjon.

**Tabell 8.1 Tal på saker innkomne – behandla – restanse**

	2013	2012	Endring
Innkome	<b>1362</b>	1096	24 %
Behandla	<b>1309</b>	1036	26 %
Restanse <sup>17</sup>	<b>415</b>	410	1 %

Per 31. desember 2013 var den totale restansen 415 saker. Av desse var 140 saker ferdigstilte av Statens sivilrettsforvaltning for behandling i nemnda.

Restansen består i hovudsak av saker som er komne inn til Statens sivilrettsforvaltning i 2013. Totalt 99 prosent av sakene er frå 2013, og 1 prosent frå 2012.

### 8.2.2 Behandla saker

Statens sivilrettsforvaltning og nemnda behandla 1166 klagesaker i 2013, jf. tabell 8.2.

**Tabell 8.2 Fordeling behandla klagesaker**

	2013		2012	
	Klager behandla	Del	Klager behandla	Del
Klager og regresskrav	651	56 %	661	71 %
22. juli-saker	60	5 %	28	3 %
<b>Totalt nemndsbehandla</b>	<b>711</b>	<b>61 %</b>	689	74 %
Klager og regresskrav (SRF)	407	35 %	239	26 %
22. juli-saker (SRF)	48	4 %	0	-
<b>Totalt delegert behandla</b>	<b>455</b>	<b>39 %</b>	239	26 %
<b>Totalt behandla</b>	<b>1166</b>	<b>100 %</b>	928	100 %

<sup>16</sup> Inkludert ordinære klagesaker, tilleggserstatning, omgjeringssøknader og sakskostnadskrav

<sup>17</sup> Restansen representerer faktiske tal på saker til behandling. Somme saker er i tillegg avslutta utan vedtak.

Av dei behandla klagesakene blei 455 avgjorde av Statens sivilrettsforvaltning og 711 avgjorde av nemnda. Delen klagesaker avgjort av Statens sivilrettsforvaltning i medhald av delegasjonsfullmakta var 39 prosent i 2013.

Dersom alle behandla saker blir tekne med<sup>18</sup>, utgjorde vedtak i Statens sivilrettsforvaltning etter delegasjonsfullmakta 45 prosent av det totale talet på vedtak i 2013. Delen vedtak i Statens sivilrettsforvaltning har auka gjennom 2013.

Søklarane fekk medhald i klaga i 29 prosent av dei ordinære klagesakene som var behandla i 2013. Av sakene med grunnlag i 22. juli 2011-komplekset fekk 41 prosent av søklarane medhald i klaga. I regresssakene blei det gitt medhald i fire prosent av klagenene.

**Tabell 8.3 Resultat av klagebehandling 2013**

	Medhald	Stadfesting	Del omgjord
Klagesaker	285	695	29 %
22. juli 2011-saker	44	64	41 %
Regressaker	3	75	4 %
<b>Totalt</b>	<b>332</b>	<b>834</b>	<b>28 %</b>

### 8.2.3 Utbetalningar

Nemnda og Statens sivilrettsforvaltning har i alt tilkjent kr 25 351 917 i valdsoffererstatning i 2013, jf. tabell 8.4. Dette utgjør ein auke på 18 prosent frå 2012. Auken i utbetalt valdsoffererstatning kjem ikkje aleine av sakene frå 22. juli 2011-komplekset, men av den samla auka inngangen av saker til Statens sivilrettsforvaltning. Det totale beløpet omfattar også tilkjende sakskostnader, klage knytt til tilleggssøknad og omgjeringssøknader.

Den største erstatningsposten er oppreisning med heimel i valdsoffererstatningslova § 6, med kr 19 086 202. Beløpet inkluderer kr 4 950 000 som blei tilkjende i saker med grunnlag i 22. juli 2011-komplekset. Dette utgjør ein monaleg auke samanlikna med tilkjend oppreisning i 22. juli 2011-saker som blei behandla i 2012, og kjem først og fremst av ein auke i inngangen av saker frå dette komplekset.

I alt er det tilkjent kr 963 782 inklusive meirverdiavgift i sakskostnader med heimel i forvaltningslova § 36. Dette tilsvarer meir enn ei dobling av tilkjende sakskostnader samanlikna med 2012. Hovudårsaka finn vi i den auka klagesaksbehandlingen, og i at det er gitt medhald i totalt 28 prosent av klagenene i 2013.

**Tabell 8.4 Fordeling av erstatningspostar**

	2013		2012	
	Tal	Sum kr	Tal	Sum kr
Erstatningsposter				
§ 4 – økonomisk tap	74	4 093 778	51	4 477 372
§ 5 – meinerstatning	9	1 068 209	7	940 000
§ 6 – oppreisning	227	19 086 202	182	15 440 000
§ 14 – sakkyndige erkl.	2	23 202	1	25 000
§ 15 – ettergiving regress	4	116 744	4	48 270
fvl § 36 – sakskostnader	91	963 782	41	482 464
<b>Totalt</b>	<b>407</b>	<b>25 351 917</b>	286	21 413 106

<sup>18</sup> Dette inkluderer sakskostnadskrav, tilleggskrav og omgjeringssøknader.

Utbetalingane fordelte seg på 373 vedtak<sup>19</sup>, og utgjorde i snitt kr 67 968 per sak, jf. tabell 8.5. I tillegg blei 40 saker returnerte til Kontoret for valdsoffererstatning for utmåling av erstatningsbeløpa etter at det var gitt medhald i klaga.

**Tabell 8.5 Gjennomsnittleg utbetaling etter klagebehandling**

	2013	2012	Endring
Gj.snittl.utbetaling	<b>kr 67 968</b>	kr 76 750	-11,4 %

Utbetalingane representerte ein gjennomsnittleg nedgang på elleve prosent per sak frå 2012, jf. tabell 8.5. Dette kan vi sjå i samheng med at auka samhandling mellom KfV og nemnda har ført til eit meir heilskapleg utmålingspraksis, særleg når det gjeld oppreisingsnivåa. Nemnda har ikkje behandla like mange prinsipielle saker som i 2012, sidan pilotprosjektet med grunnlag i hendingane 22. juli 2011 førte til ein monaleg auke av oppreisingsbeløpa.

### 8.2.4 Saksbehandlingstid

Tildelingsbrevet fastset eit mål for saksbehandlingstida på fire månader for klagesaker som Statens sivilrettsforvaltning behandlar. I 2013 blei 83 prosent av desse behandla innan fristen, mot 70 prosent i 2012. Totalt 96 prosent av sakene blei ferdigbehandla innan seks månader i 2013, jf. tabell 8.5. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for klagesaker som Statens sivilrettsforvaltning behandlar, var to månader.

**Tabell 8.5 Saksbehandlingstid – delegert mynde**

	2013	2012
Saksbehandlingstid	<b>Del behandla</b>	Del behandla
< 1 md.	<b>1 %</b>	0 %
1–2 md.	<b>24 %</b>	33 %
2–4 md.	<b>58 %</b>	37 %
4–6 md.	<b>13 %</b>	25 %
6–8 md.	<b>3 %</b>	3 %
8–10 md.	<b>0 %</b>	1 %
10–12 md.	<b>1 %</b>	1 %
Totalt	<b>100 %</b>	100 %

For klager som nemnda behandlar, er kravet til saksbehandlingstid i tildelingsbrevet seks månader. I 2013 blei 65 prosent av sakene behandla innan fristen. Dette utgjør ei monaleg betring frå 2012, da nemnda behandla 28 prosent av klagesakene innan fristen. Denne positive utviklinga ser vi i samheng med saksbehandlarkapasiteten i Statens sivilrettsforvaltning er auka og saksbehandlinga effektivisert. Ein større del av klagesakene blir avgjorde i Statens sivilrettsforvaltning, og kapasiteten i nemnda er no reservert til dei mest krevjande sakene. Dermed er saksbehandlingstida for behandling i nemnda redusert.

<sup>19</sup> Det kan vere fleire utbetalingspostar i éi sak.



**Tabell 8.6 Saksbehandlingstid – behandling i nemnda**

	<b>2013</b>	2012
Saksbehandlingstid	<b>Del behandla</b>	Del behandla
< 1 md.	<b>0 %</b>	0 %
1–2 md.	<b>0 %</b>	0 %
2–4 md.	<b>5 %</b>	2 %
4–6 md.	<b>60 %</b>	26 %
6–8 md.	<b>27 %</b>	47 %
8–10 md.	<b>5 %</b>	21 %
10–12 md.	<b>4 %</b>	4 %
Totalt	<b>100 %</b>	100 %

For klagesaker som blei behandla av nemnda, var gjennomsnittleg saksbehandlingstid fem månader i 2013. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida i nemnda har såleis gått noko ned samanlikna med 2012, da ho var på seks månader.

Samla gjennomsnittleg saksbehandlingstid i alle klagesaker var fire månader i 2013, mot fem månader i 2012.

### **8.2.5 Saker for domstolane og Sivilombodsmannen**

I 2013 var delen saker som blei omgjord av domstolen, mindre enn éin prosent.

Statens sivilrettsforvaltning fekk i 2013 éi stemning på vegner av nemnda. Ved dom i Oslo tingrett av 08.05.13 blei vedtaket i nemnda kjent ugyldig. Staten anka dommen.<sup>20</sup>

Vidare fekk Statens sivilrettsforvaltning ytterlegare tre rettsavgjerder i 2013. Høgsterettsdom av 09.04.13 (Rt-2013-484), der staten blir frifunnen, gir viktige avklaringar når det gjeld tolking av valdsoffererstatningslova og synet på korleis ordninga er.

I dom i Gulating lagmannsrett av 21.10.13 fekk anke frå søkjar over dom i Stavanger tingrett medhald, og vedtaket i nemnda blei kjent ugyldig.

I orskurd frå Hålogaland lagmannsrett av 12.02.13 blei dommen i Ofoten tingrett stadfesta når det gjaldt tilkjenning av sakskostnader til staten.

Statens sivilrettsforvaltning har i 2013 ikkje teke imot søksmål eller rettsavgjerder i saker med grunnlag i hendingane 22. juli 2011, eller som inneheld påstand om fastsetjing av oppreisingsbeløp.

I 2013 har Statens sivilrettsforvaltning fått varsel om seks saker der forvaltninga er klaga inn for Sivilombodsmannen i samband med behandlinga av klager i valdsoffererstatningssaker. I fire av desse har Sivilombodsmannen ikkje funne grunnlag for å kritisere behandlinga av klagesakene i forvaltningsbehandlinga. I dei siste to sakene har Statens sivilrettsforvaltning i 2013 ikkje fått tilbakemelding frå Sivilombodsmannen.<sup>21</sup>

<sup>20</sup>Borgarting lagmannsrett forkasta statens anke i dom av 3. februar 2014. Lagmannsretten grunngir dette med at feil i saksbehandlinga gjer vedtaket ugyldig ved at det ikkje i tilstrekkeleg grad har vore teke omsyn til dei spesielle tilhøva da rettsforliket blei inngått. Det er ikkje teke stilling til anke.

<sup>21</sup>I brev av 17. januar 2014 og 21. januar 2014 frå Sivilombudsmannen går det fram at også desse sakene er avslutta utan innvendingar mot vedtaka.

Sivilombodsmannen har på generelt grunnlag gitt uttrykk for å vilje sjå nærare på praksisen i nemnda når det gjeld sakskostnadsspørsmål der søkjaren elles ikkje blir tilkjend valdsoffererstatning, og når det gjeld korleis nemnda vurderer forelding i saker som blir behandla etter valdsoffererstatningsforskrifta. Statens sivilrettsforvaltning har på vegner av nemnda lagt fram for Sivilombodsmannen ei utgreiing om den rettslege ståstaden til nemnda i desse sakstypene.

### **8.3 Utvikling 2014**

Målet til Statens sivilrettsforvaltning er å få sett i verk elektronisk dokumentutveksling med KfV i første halvåret av 2014. Dette vil medverke til ein raskare og tryggare saksgang.

Talet på klagesaker har auka monaleg sidan terroranslaga i 2011. Auken i saksmengda har derimot ikkje berre grunnlag i terrorhendingane. Også andre typar valdshandlingar gir grunnlag for veksten i talet på erstatningssaker. Vi kan sjå utviklinga i samanheng med det styrkte informasjonsarbeidet overfor valdsoffer og anna hjelp som blir ytt til offer for kriminalitet, i tillegg til ein styrkt saksbehandlarkapasitet ved KfV. Statens sivilrettsforvaltning ser i dag ingen utviklingstrekk som vil snu tendensen med auka saksvolum. Kapasiteten til nemnda er fullt utnytta. Statens sivilrettsforvaltning vil derfor strekkje seg etter å behandle ein ytterlegare større del av valdsoffererstatningssakene etter delegasjonsfullmakta, dette for å motverke at saksbehandlingstida og restansane aukar.

## 9. KONKURSRADET MED SEKRETARIAT

Konkursrådet er eit statleg oppretta organ med ein rådgivande og rettleiande funksjon. Rådet skal arbeide for ei effektiv, praktisk og resultatorientert insolvensbehandling innanfor ramma av gjeldande lover og forskrifter, og fremje ei harmonisering av praksis. Vidare skal Konkursrådet medverke til ei samordna og målretta førebygging av og ein kamp mot konkursskriminalitet.

Konkursrådet er premissleverandør innanfor konkursrett og insolvensbehandling i Noreg. Konkursrådet har eit breitt kontaktnett blant fagfolk og andre som kjem i kontakt med konkursinstituttet, og medverkar gjennom arbeidet sitt til å opplyse og informere om gjeldande rett og god praksis på området.

Rådet består av leiar og seks medlemmer og blir nemnt opp for tre år. Noverande råd er nemnt opp for perioden 01.01.13–31.12.15.

Statens sivilrettsforvaltning har frå og med 01.01.13 teke hand om sekretariatfunksjonen for Konkursrådet. Sekretariatet skal blant anna gi rådet administrativ og fagleg bistand.

### 9.1 Konkursrådet – verksemda 2013

Konkursrådet har i 2013 konsentrert seg om å betre kunnskapen om konkurs og fremje samarbeidet mellom dei ulike aktørane i konkursbubehandling (domstolar, kontrollatar, bustyre, revisor og politi).

Rådet sitt grunnkurs i bubehandling blei halde i Bergen i oktober. I arbeidet sitt for å målretta førebyggje og kjempe mot konkursskriminalitet har Konkursrådet eit samarbeid med bukoordinator i Oslo om oppfølginga av straffbare forhold i konkurs. Konkursrådet og Oslo politidistrikt har halde eit fellesseminar om bukoordinator-ordninga og om korleis ein går fram ved straffbare forhold i konkursar.

Konkursrådet har i 2013 halde fram samarbeidet sitt med Konkursregisteret for å utvide busida, slik at ein større del av bubehandlinga skal kunne gå føre seg elektronisk. Konkursrådet har også vore med i arbeidet med forslag til lovendingar. Konkursrådet har gjennomført ein studietur til Berlin med fordjuping i det tyske gjeldsforhandlingsregelverket. Rådet var også representert på den årlege konferansen om insolvens til IAIR (International Association for Insolvency Regulators) i Skottland. Medlemmer i Konkursrådet har halde foredrag om konkurs og nærskylde emne gjennom året. Det har også vore ei prioritert oppgåve å oppdatere det faglege innhaldet på nettsida til Konkursrådet ([www.konkursradet.no](http://www.konkursradet.no)) og utvikle ei plattform for ny nettside.

### 9.2 Sekretariatet for Konkursrådet – verksemda 2013

Etter at Statens sivilrettsforvaltning overtok sekretariatfunksjonen, er det etablert rutinar for arbeidsoppgåver i tilknytning til sekretariatsfunksjonen for Konkursrådet.

Sekretariatet yter hjelp etter behov og i jamn dialog med leiaren for rådet. For året 2013 har arbeidet i sekretariatet bestått av administrativ hjelp til å avvikle ordinære konkursrådsmøte og grunnkurs, i tillegg til eksterne møte og arrangement i samband med oppfølginga av dei ulike prosjekta som Konkursrådet har vore involvert i. Vidare har sekretariatet hjelpt til med å kjøpe inn og etablere ny internettside.

Gjennom året har Konkursrådet, ved sekretariatet, teke imot og svart på ei rekkje førespurnader frå private og profesjonelle aktørar innanfor konkursbehandling. Konkursrådet tek ikkje stilling til spørsmål i enkeltsaker, men prøver å yte generell rettleiing om alminneleg lovforståing og generell praksis innanfor konkursinstituttet.

### **9.3 Konkursrådet – 2014**

I 2014 vil Konkursrådet sjå nærare på koordineringa av innsatsen frå ulike offentlege organ i samband med bubehandlinga. Vidare vil Konkursrådet arbeidet for å styrkje den faglege kompetansen hos dei organa som er involverte i konkursbubehandling, til dette høyrer å arrangere seminar og konferansar i tillegg til å delta på dei arenaene der det er naturleg at Konkursrådet er representert.

Konkursrådet vil også i 2014 arrangere grunnkurs, dette skjer i Trondheim. Vidare har Konkursrådet merksemda retta mot å følgje opp straffbare forhold i konkursar og å utvikle vidare den elektroniske busida.

Nettsida til Konkursrådet fungerer som eit heilt sentralt arbeidsverktøy for mange av aktørane i bubehandlinga, og oppdatering av innhald og struktur på nettsidene til Konkursrådet blir prioritert i 2014. Som følgje av det aukande engelskspråklege innslaget innanfor konkursbehandling i Noreg planlegg Konkursrådet også å publisere engelske omsetjingar av norsk konkurslovgiving i løpet av året. Konkursrådet fyller 20 år i 2014 og vil derfor arrangere ein jubileumskonferanse. Konferansen skal vere fagleg orientert og rette seg mot alle aktørar innanfor insolvensbehandling.

## 10. OPPREISNINGSERSTATNING ETTER TRAFIKKULYKKER

Statens sivilrettsforvaltning fekk i 2013 i oppgåve å handtere krav om erstatning for manglande utbetalt oppreisning etter trafikkulykker som skjedde i perioden frå 1. januar 1997 til 31. januar 2000.

Bakgrunnen for erstatningsordninga er at reglane i bilansvarslova om obligatorisk trafikkforsikring ikkje før 1. juli 2009 påla eigar av motorvogn å teikne forsikring for oppreisningsansvar. Skadelidande etter trafikkulykker før dette tidspunktet fekk derfor ikkje oppreisning frå forsikringsselskapa, slik at oppreisningskravet berre kunne rettast mot skadevaldaren. Ifølgje ei rådgivande fråsegn frå EFTA-domstolen av 20. juni 2008 var regelen som heldt oppreisningsansvaret utanfor den obligatoriske trafikkforsikringa, i strid med EU-direktivet om motorvognforsikring. Staten erkjende etter dette ansvarsgrunnlag for personskadar etter trafikkulykker i perioden frå 1. januar 2001 til 1. juli 2009. Justis- og beredskapsdepartementet handterte krava som følgje av trafikkulykker i denne perioden. Fristen for å setje fram slike krav gjekk ut 1. juli 2012.

Høgsterett kom i dom av 22. november 2012 (Rt-2012-1793) til at staten også er ansvarleg for oppreisningskrav etter trafikkulykker som skjedde i perioden frå 1. januar 1997 til 31. desember 2000. I august 2013 kunngjorde Statens sivilrettsforvaltning ordninga i avisene her i landet med frist for å setje fram krav innan 8. august 2014. Ordninga er også kunngjord i medlemsbladet til Personskadeforbundet.

For å kunne tilkjenne oppreisningserstatning er det eit vilkår at skadevaldar har handla forsettleg eller grovt aktlaust, jf. skadeerstatningslova § 3-5. På same måten er forsett eller grov aktløyse eit vilkår for å tilkjenne erstatning frå staten for manglande utbetalt oppreisning etter ei trafikkulykke.

### 10.1 Oppreisningserstatning etter trafikkulykker – verksemda 2013

Statens sivilrettsforvaltning har i løpet av hausten 2013 etablert ordninga, og fortløpande teke imot og behandla krav som er sette fram.

#### 10.1.1 *Talet på saker*

Statens sivilrettsforvaltning tok imot 54 krav om erstatning som følgje av manglande utbetalt oppreisning etter trafikkulykker i 2013. Av desse er 37 behandla.

**Tabell 10.1 Tal på saker innkomne – behandla – restanse**

	2013
Innkomne	54
Behandla	37
Restanse	17

Per 31.12.14 hadde Statens sivilrettsforvaltning 17 ubehandla saker i restanse, som hovudsakleg kom av behovet for å hente inn dokumentasjon.

I sju saker fekk Statens sivilrettsforvaltning søknad om å gjere om vedtaket, anten som følgje av at kravet var avslått, eller fordi den skadelidande/etterlatne ikkje godtok erstatningsbeløpet.

### **10.1.2 Behandla saker**

Det blei tilkjent erstatning for manglande utbetalt oppreisning i til saman ti saker, medan kravet blei avslått i 19 saker. Åtte krav blei avviste, hovudsakleg som følgje av at trafikkulykka ikkje skjedde innanfor den tidsperioden ordninga gjeld for.

**Tabell 10.2 Resultat behandla saker**

Resultat	2013	
	Tal	Del
Tilkjent/grovt akklaust	6	16 %
Tilkjent/dom	4	11 %
Avslått/manglande dokumentasjon	4	11 %
Avslått/ikkje grovt akklaust	15	40 %
Avvist	8	22 %
Totalt	37	100 %

### **10.1.3 Utbetalningar**

Det er til saman tilkjent kr 460 000 i erstatning for manglande utbetalt oppreisning (hovudstol). Oppreisningsbeløpa har lege mellom 10 000 og 75 000 kroner.

I tillegg til hovudstol betalte Statens sivilrettsforvaltning ut avkallsrente og forseinkingsrente. I saker der den skadelidande/etterlatne hadde bistand frå advokat for å setje fram kravet, dekte Statens sivilrettsforvaltning også rimelege og nødvendige utgifter til dette dersom kravet førte fram.

Det er per 31.12.13 betalt ut kr 339 261 på kapittel 471, post 71.

### **10.1.4 Saksbehandlingstid**

Statens sivilrettsforvaltning har ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid på ein måned i sakene.

## **10.2 Utvikling 2014**

Statens sivilrettsforvaltning har hatt ein relativt jamn saksinngang i dei månadene ordninga har eksistert. Inngangen av saker var derimot merkbar lågare i desember enn i månadene før. Statens sivilrettsforvaltning reknar med at saksinngangen per måned blir noko lågare framover enn i tida rett etter kunnjinga.

## **11. SEKRETARIATET FOR DEN RETTSMEDISINSKE KOMMISSJONEN**

Den rettsmedisinske kommisjonen er oppretta med heimel i straffeprosesslova § 146, og blir nemnd opp av Justis- og beredskapsdepartementet for inntil tre år om gongen. Noverande kommisjon er oppnemnd for perioden frå 1. april 2012 til 31. mars 2015. Verksemda i kommisjonen er regulert i straffeprosesslova § 147 og forskrift av 14. mars 2003 om Den rettsmedisinske kommisjon. Kommisjonen består av fire faggrupper: gruppe for rettspatologi og klinisk rettsmedisin, genetisk gruppe, toksikologisk gruppe og psykiatrisk gruppe. Kommisjonen gir den årleg rapporten om verksemda si til Justis- og beredskapsdepartementet innan 1. juni 2014.

Statens sivilrettsforvaltning er sekretariat for Den rettsmedisinske kommisjonen. Sekretariatsfunksjonen er heimla i § 4 i forskrifta og inneber at det skal ytast kontorfagleg, administrativ og juridisk hjelp til kommisjonen.

### **11.1 Sekretariatet for Den rettsmedisinske kommisjonen – verksemda 2013**

Saksinngangen til kommisjonen er samla sett på same nivået i 2013 som i 2012. Kommisjonen fekk eit høgt tal erklæringar som hastesaker, særleg innanfor psykiatri. Dette, i lag med innføringa av eit nytt arkiv- og saksbehandlingssystem, har til tider skapt store utfordringar for sekretariatet. Konsulent- og arkivtenesta har derfor vore mellombels styrkt med eitt årsverk delar av året.

Innføringa av nytt arkiv- og saksbehandlingssystem i april 2013 har til dels prega alle arbeidsoppgåvene i sekretariatet i året som har gått. Tekniske utfordringar, ny saksflyt og behovet for opplæring og kompetanse i alle ledd har ført til mykje tidsbruk både for sekretariatet og for kommisjonen.

Sekretariatet yter juridisk hjelp etter behov og i dialog med leiaren og gruppeleiarane i kommisjonen. Primært gjeld problemstillingane straffeprosess og strafferett, men det blir også gitt rettleiing innanfor forvaltningsrett. Saker som kommisjonen har lagt fram for sekretariatet for juridisk vurdering, har vore behandla fortløpande. Dette omfattar blant anna å gå gjennom utkast til høyringssvar, å vurdere uttalar i enkeltsaker, å vurdere kva sakkunnige erklæringar kommisjonen skal behandle, og å rettleie i spørsmål om habilitet.

Sekretariatet fører eit register over rettsmedisinske sakkunnige som er villige til å ta på seg oppdrag som sakkunnig i straffesaker, jf. forskrifta § 4. Når det er behov for ei sakkunnig vurdering, kan rekvirentar vende seg til sekretariatet for kommisjonen for å få oversikt over sakkunnige frå ulike rettsmedisinske miljø og kvalifikasjonane deira. Sekretariatet svarer vidare på fleire førespurnader frå aktørane i strafferettspleia, da særleg frå sakkunnige, påtalemakta og forsvararar.

Sekretariatet har hjulpet kommisjonen med praktiske og administrative førebuingar til B-kurset som blei avvikla i november 2013 og januar 2014. Sekretariatet deltok på begge samlingane.

## 11.2 Resultat 2013

I 2013 var den totale saksinngangen til kommisjonen 6721<sup>22</sup> saker, medan han for 2012 var 6746<sup>23</sup> saker. Genetisk og toksikologisk gruppe har i 2013 hatt ein nedgang i saksinngangen frå 2012. For toksikologisk gruppe trur ein at den markante nedgangen har samanheng med at det 1. februar 2012 blei innført faste konsentrasjonsgrenser også for andre rusgivande stoff enn alkohol ved ruspåverka køyring. Dette fører til at det i færre saker enn tidlegare er nødvendig med ei skjønnsmessig vurdering av påverknad. I psykiatrisk gruppe og gruppe for rettspatologi og klinisk rettsmedisin har det vore ein auke i saksinngangen frå 2012 til 2013.

Nærare omtale av saksinngangen til kommisjonen går fram av årsrapporten frå kommisjonen, som ligg føre innan 1. juni 2014.

**Tabell 11.1 Utvikling i registrerte saker på fagfeltet i perioden 2012–2013**

	2013		2012		2012–2013
	Primær- erklæring	Tilleggs- erklæring	Primær- erklæring	Tilleggs- erklæring	Endring Primærerklæring
Rettspatologi/klinisk	<b>2 806</b>	<b>82</b>	2 631	109	7 %
Psykiatrisk gruppe	<b>531</b>	<b>80</b>	415	99	28 %
Toksikologisk gruppe	<b>1 683</b>	<b>170</b>	1 811	92	-7 %
Genetisk gruppe	<b>1 146</b>	<b>223</b>	1 302	287	-12 %
Totalt	<b>6 166</b>	<b>555</b>	6 159	587	< 1 %

## 11.3 Utvikling 2014

Sekretariatet har begynt på eit arbeid for å sikre og styrkje kvaliteten ytterlegare på tenestene som blir leverte til kommisjonen.

Somme av utfordringane knytte til innføringa av nytt saksbehandlingssystem i 2013 krev vidare oppfølging også i 2014. Det blir arbeidd med å skape gode arbeidsrutinar og god saksflyt, og målet er at dette skal vere endeleg på plass innan 1. juni 2014.

<sup>22</sup> Inkl. tilleggsrapportar

<sup>23</sup> Inkl. tilleggsrapportar



## 12. SEKRETARIATET FOR BARNESAKKUNNIG KOMMISSJON

Barnesakkunnig kommisjon blei oppretta med verknad frå 1. januar 2010. Verksemda i kommisjonen er heimla i barnevernslova § 2-5 med forskrift som høyrer til. Kommisjonen skal kvalitetssikre alle rapportar som sakkunnige i barnevernssaker har levert, anten dei er bestilte av barnevernstenesta, fylkesnemnda, domstolane eller private partar. Frå 1. januar 2010 skal kommisjonen kvalitetssikre alle sakkunnige rapportar som blir brukte i barnevernssaker.


Barnesakkunnig kommisjon er nemnd opp av Kongen i statsråd for ein periode på tre år. Statens sivilrettsforvaltning er sekretariat for kommisjonen, og yter juridisk, kontorfagleg og administrativ hjelp til kommisjonen på oppdrag frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.

Ny kommisjon blei nemnd opp for perioden 25.01.13–31.12.15. Kommisjonen består av kommisjonsleiar og 15 kommisjonsmedlemmer.

### 12.1 Resultat 2013

Barnesakkunnig kommisjon har i 2013 teke imot 1004<sup>24</sup> saker. Saksinngangen har auka gjennom heile perioden til kommisjonen, jf. figur 12.1.

Figur 12.1 Utvikling – inkomne og behandla 2010–2013



Frå 2012 til 2013 var auken derimot på berre 2,9 prosent, medan auken i inkomne saker frå 2011 til 2012 var på 12,5 prosent. Dette kan tyde på at inngangen av saker er i ferd med å bli meir stabil. Kommisjonen har behandla 985 saker i 2013.

Les meir om verksemda til Barnesakkunnig kommisjon i årsrapporten frå kommisjonen for 2013.

<sup>24</sup> Inkl. tillegg rapportar

## **13. SEKTOROVERGRIPANDE MÅLSETJINGAR**

### **13.1 Etablering av eit styringssystem for informasjonstryggleik**

I 2011 gjekk Statens sivilrettsforvaltning gjennom korleis verksemda handterte personsensitiv informasjon. I gjennomgangen fokuserte vi blant anna på informasjonstryggleik. Det blei sett i verk tiltak og rutinar for å sikre at praksisen i verksemda var i tråd med krav og retningslinjer i lov og forskrift. Statens sivilrettsforvaltning vil halde fram arbeidet med å utvikle og implementere eit heilskapleg styringssystem for informasjonstryggleik innan fristen i 2014.

### **13.2 Elektronisk dokumentutveksling**

Statens sivilrettsforvaltning har lagt til rette for elektronisk dokumentutveksling i saksbehandlings- og arkivsystemet til verksemda. Statens sivilrettsforvaltning utvekslar no dokument elektronisk med 16 av 18 fylkesmannsembete i rettshjelpssaker.

Det har i 2013 også blitt arbeid for å implementere elektronisk dokumentutveksling med Kontoret for valdsoffererstatning. Dette har vist seg å vere meir komplisert enn ein først har trudd, fordi det blir brukt to ulike saksbehandlingssystem. Implementeringa er framleis på teststadiet og blir følgt opp vidare i 2014.

På rettferdsfeltet er det også ei målsetjing om å etablere elektronisk dokumentutveksling med dei mest sentrale samarbeidande faginstansane. Dette er kartlagt i 2013 og blir følgt opp vidare i 2014.

Når verjemålsapplikasjonen blir ferdig, blir det også elektronisk dokumentutveksling på verjemålsfeltet.

### **13.3 Klart språk**

Statens sivilrettsforvaltning lanserte ny nettside i desember 2013. Det har vore eit mål for arbeidet at nettsida skal vere intuitiv og ha eit lettfatteleg og klart språk.

### **13.4 Beredskap**

Ein revidert beredskapsplan er i 2013 implementert i verksemda. Beredskapsplanen er ei klargjering av ansvar, organisering og oppgåver for hendingar som krev ekstraordinære tiltak, og er med det eit supplement til det systematiske HMS-arbeidet i Statens sivilrettsforvaltning. Beredskapsplanen med risikovurderinga som høyrer med, blei send over til Justis- og beredskapsdepartementet i februar 2013.

Departementet har i 2013 også teke imot rapportering om statusen på arbeidet som verksemda har på feltet samfunnstryggleik og beredskap, jf. krava i tildelingsbrevet for området. I 2013 er det blant anna gjennomført brannøvingar og test av varslingsrutine. I tillegg er det inngått avtale om støtte med eksterne aktørar dersom ekstraordinære hendingar skulle oppstå. Dette handlar særleg om sikring av teknisk infrastruktur.


### 13.5 Personell og likestilling

Statens sivilrettsforvaltning har som mål å ha eit inkluderande arbeidsliv der medarbeidarane skal spegle mangfaldet i befolkninga og ha ein variert erfaringsbakgrunn med omsyn til kjønn, alder, nedsett funksjonsevne og etnisk bakgrunn. Dette blir spegla att i mellom anna stillingsannonsane.

Per 31.12.2013 er det 73 tilsette i Statens sivilrettsforvaltning. Av desse er 51 (70 prosent) kvinner og 22 (30 prosent) menn. Statens sivilrettsforvaltning har merksemda retta mot å auke delen menn. Åtte av dei tilsette i verksemda har innvandrarbakgrunn. Verksemda blir leidd av ein kvinneleg direktør, slik at 67 prosent av leiarstillingane har kvinneleg leiar, medan 33 prosent har mannleg leiar.

Statens sivilrettsforvaltning har framleis lågt sjukefråvær. Totalt sjukefråvær for 2013 er 2,1 prosent, av desse er 1,3 prosent legemeldt fråvær og 0,8 prosent eigenmeldt fråvær. Statistikken viser dermed ein ytterlegare nedgang frå 2012.

**Figur 13.1 Utvikling av sjukefråværet**



## 14. REKNESKAP

### 14.1 Kapittel 473, post 01

#### 14.1.1 Tildeling

Statens sivilrettsforvaltning blei tildelt ei budsjetttramme på kr 39 414 000 over kapittel 473 post 01, jf. tildelingsbrev av 18.02.13. Løyvingane blei auka ytterlegare med kr 900 000 som følgje av at Statens sivilrettsforvaltning fekk ansvaret for å behandle krav om erstatning for manglande oppreisningserstatning etter trafikkulykker.<sup>25</sup>

I tillegg er kr 1 499 000 i ubrukte midlar frå 2012 overførte til 2013<sup>26</sup>. Statens sivilrettsforvaltning fekk også kr 398 000 som kompensasjon for årets lønnsoppgjer<sup>27</sup>. Den totale løyvinga til Statens sivilrettsforvaltning blei hausten 2013 justert ned med kr 900 000<sup>28</sup>, blant anna som følgje av eit varsla mindreforbruk knytt til kunngjeringar i samband med oppreisningserstatning etter trafikkulykker.

#### 14.1.2 Rekneskap

Rekneskapsførte utgifter per 31.12.13 på kapittel 473 post 01 er kr 41 430 852, jf. vedlegg 1.

På kapittel 3473 post 01 er det inntektsført kr 174 300. Inntekter er i hovudsak genererte frå kursavgiftene for B-kurs.<sup>29</sup>

Statens sivilrettsforvaltning har gjennom året fått kr 1 867 421 i refusjonar som følgje av fødsels- og sjukepermisjonar.

Statens sivilrettsforvaltning har ved årsslutt kr 1 716 613 i udisponerte midlar. Dette utgjør om lag 4,2 prosent av tildelt løyving. Mindreforbruket kjem i hovudsak av refusjonar av sjuke- og fødselspengar.

### 14.2 Kapittel 469, post 01

#### 14.2.1 Tildeling

På kapittel 469 post 01 blei det stilt kr 14 835 000 til disposisjon for å dekkje driftsutgifter for verjemålsavdelinga på Hamar, utgifter til verjemålsapplikasjonen m.m.<sup>30</sup>. I tillegg blei det stilt ytterlegare kr 1 700 000 til disposisjon<sup>31</sup>. Desse midlane skulle nyttast til å fullføre delprosjektet rekneskap og økonomi.

Som følgje av rapportering på rekneskap og forventa forbruk siste kvartal 2013 blei løyvinga justert ned til totalt kr 12 986 840<sup>32</sup>. Hovudårsaka til nedjusteringa av det forventa forbruket

---

<sup>25</sup> Tillegg til tildelingsbrev av 26.06.13

<sup>26</sup> Jf. brev frå Justis- og beredskapsdepartementet datert 03.05.13

<sup>27</sup> Jf. brev frå Justis- og beredskapsdepartementet datert 22.10.13

<sup>28</sup> Jf. endring i løyving – budsjett av 26.11.13

<sup>29</sup> Kurs i strafferett/straffeprosess for medisinsk sakkunnige

<sup>30</sup> Tillegg til tildelingsbrev – verjemålsreforma av 18.02.13

<sup>31</sup> Utvida tildeling av midlar – verjemålsreforma av 22.04.13

<sup>32</sup> Justert tillegg til tildelingsbrev – verjemålsreforma 15.11.13

siste kvartalet kjem av at ansvaret for drifts- og vedlikeholdsavtalen for verjemålsapplikasjonen blei ført tilbake til Justis- og beredskapsdepartementet inntil vidare.

### **14.2.2 Rekneskap**

Rekneskapsførte utgifter per 31.12.13 på kapittel 469 post 01 er kr 12 936 107. jf. vedlegg 2.

### **14.3 Kapittel 475, post 21**

Statens sivilrettsforvaltning har fått fullmakt til å belaste kapittel 475 post 21 med kr 850 000 som skal dekkje utgifter til drift av sekretariatet for Konkursrådet, i tillegg til kr 1 730 000 til å dekkje utgiftene til Konkursrådet.

Rekneskapsførte utgifter på kapittel 475 post 21 per 31.12.13 er:

- drift av sekretariatet kr 852 165
- drift av Konkursrådet kr 1 020 556

Mindreforbruket til Konkursrådet kjem i hovudsak av følgjande årsaker:

- Ny nettside blei monaleg rimelegare enn budsjettert.
- Det var høgare inntekter på kurs og foredragsverksemd enn budsjettert.
- På grunn av sein tildeling av midlar gjekk enkelte planlagde aktivitetar ut.

Forventa mindreforbruk blei meldt til Justis- og beredskapsdepartementet hausten 2013.